



Prop. 51 L

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i rekonstruksjonslova (forlenging av tida lova skal gjelde)

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 17. mars 2023,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet fremmar i denne proposisjonen forslag om å føre vidare midlertidig lov 7. mai 2020 nr. 38 om rekonstruksjon for å avhjelpe økonomiske problemar som følge av utbruddet av covid-19 (rekonstruksjonslova) fram til 1. juli 2025.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

Hovudformålet med den mellombelse rekonstruksjonslova er å redusere risikoen for unødige konkursar i levedyktige verksemder. Effektive rekonstruksjonsreglar kan bidra til at verksemder som under normale omstende er lønnsame, i større grad kan reddast slik at arbeidsplassar og verdiar blir sikra.

Rekonstruksjonslova er ei mellombels lov som, så lenge ho gjeld, erstattar reglane om gjeldsforhandling i den første delen av konkurslova, jf. konkurslova § 1 andre punktum. Det følgjer av § 64 i rekonstruksjonslova at ho blir oppheva 1. juli 2023. I forarbeida som ligg til grunn for lova, er det framheva at ho skal bli avløyst av nye reglar om rekonstruksjon i konkurslova, jf. Prop. 75 L (2019–2020) side 5 og Innst. 244 L (2019–2020) side 3. Da vil desse nye reglane erstatte dei gamle reglane i konkurslova om gjeldsforhandling.

Opphavleg skulle rekonstruksjonslova bli oppheva 1. januar 2022, men ho vart ført vidare ved endringslov 22. desember 2021 nr. 167, jf. Prop. 242 L (2020–2021) og Innst. 48 L (2021–2022). Også forarbeida til denne endringslova føreset at rekonstruksjonslova skal bli avløyst av nye reglar om rekonstruksjon i konkurslova.

Justis- og beredskapsdepartementet sende forslag til slike nye reglar om rekonstruksjon i konkurslova på høyring 13. januar 2023. Fristen for høyringa er 13. april 2023.

3 Forlenging av tida rekonstruksjonslova skal gjelde

Arbeidet med forslag til nye reglar om rekonstruksjon har tatt lenger tid enn venta. Gode reglar om rekonstruksjon er viktige for næringslivet og for samfunnet elles, og det er naudsynt å gjere eit grundig arbeid med dei nye reglane. Departementet har innhenta ein samfunnsøkonomisk analyse og fått innspel på regjeringas nettsider, og sentrale aktørar har tatt del i ei evaluering av dei mellombelse reglane. I forslaget som er sendt på høyring, kjem departementet med ei rekke forslag til endringar i dei mellombelse reglane. Desse forslaga vil bli vurdert nærare etter høyringa.

Det vil ikkje vere mogleg å få på plass nye reglar før den mellombelse lova blir oppheva

1. juli 2023. For å sikre eit godt og grundig lov- arbeid trengs det meir tid. Departementet foreslår derfor i proposisjonen her at den mellombelse lova blir ført vidare til 1. juli 2025. Departementet ser ikkje bort ifrå at dei nye reglane vil kunne ta til å gjelde før dette, slik at den mellombelse lova kan bli oppheva noko tidlegare. For å unngå å komme i ein situasjon der ein ennå ein gong må forlenge den mellombelse lova, foreslår departementet likevel at lova blir forlenga til 1. juli 2025.

Alternativet til å føre vidare den mellombelse lova er å la reglane om gjeldsforhandling i konkurslova gjelde i tida frå den mellombelse lova blir oppheva og fram til dei nye reglane om rekonstruksjon i konkurslova tek til å gjelde. Rekonstruksjonslova inneber på fleire punkt endringar samanlikna med reglane om gjeldsforhandling i konkurslova. Mellom anna kan forhandling om rekonstruksjon bli innleia tidlegare, det er lettare å vedta ein rekonstruksjonsplan, og lova opnar for å gjere om gjeld til eigenkapital som ein del av rekonstruksjonsplanen. Den mellombelse lova inneheld også reglar om pantetrygd for lån til finansiering under rekonstruksjonen med prioritet framfor alle andre panthavarar, og lova opnar for å gjere unntak frå fortrinnsretten til det offentlege for krav på skatt og meirverdiavgift gjennom ei mellombels endring i dekningslova. Desse og andre endringar inneber at rekonstruksjonslova gir fleire verkemiddel for å oppnå ei vellykka forhandling med kreditorane samanlikna med reglane om gjeldsforhandling i konkurslova.

Forslaget i proposisjonen her har ikkje vore på høyring. Da lova vart ført vidare i 2021, fekk forslaget støtte frå alle høyringsinstansane som uttalte seg. Departementet har ikkje funne grunn til ny høyring no.

I høyringa i 2021 uttalte *Advokatforeningen* mellom anna at det er «avgjørende at den midlertidige loven gjelder til ny permanent rekonstruksjon trer i kraft». Også *Konkursrådet* og *Oslo tingrett* meinte det ville vere ei dårleg løysing å gå tilbake til dei gamle reglane medan ein framleis arbeidde med forslag til nye reglar.

Advokatforeningen peikte samstundes på at ein ikkje burde utsette å vedta nye reglar lenger enn naudsynt. Departementet deler denne oppfatninga, men vil framheve at det avgjerande bør vere at ein har nok tid til å gjere eit grundig og for-

svarleg lovarbeid. Sjølv om fleire har uttrykt at lova bør gi enno fleire verktøy for å kunne finne fram til gode løysingar for verksemdar som er under rekonstruksjon, er hovudinntrykket at dei mellombelse reglane verker godt, og at dei verker betre enn reglane om gjeldsforhandlingar i konkurslova.

Departementet foreslår i proposisjonen her ikkje andre endringar i reglane i den mellombelse lova eller i endringane i andre lover som følgjer av rekonstruksjonslova § 66. Slike forslag vart som nemnt sende på høyring 13. januar 2023. Det er etter departementet sitt syn viktig at situasjonen no er føreseieleg for aktørane fram til dei nye reglane kjem på plass i konkurslova.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Siktemålet med forslaget om å føre vidare den mellombelse lova fram til 1. juli 2025 er å redusere risikoen for konkurs i føretak som under normale omstende er levedyktige. Sjølv om bakgrunnen for den mellombelse lova om rekonstruksjon var utbrotet av covid-19, er ikkje lovreglane knytt til smittesituasjonen konkret, men til dei økonomiske langtidsverknadene av pandemien. Det kan ha store kostnader om føretak som elles er levedyktige, ikkje overlever. Den mellombelse lova om rekonstruksjon kan redusere risikoen for unødige konkursar i levedyktige føretak som er ramma av langtidsverknadene av pandemien, men også for føretak med økonomiske problem som er forårsaka av andre omstende. Det er positivt for verksemda, kreditorane, næringslivet generelt og for samfunnet. Færre konkursar kan medverke til å redde arbeidsplassar og verdiar. For verksemda kan ein vellykka rekonstruksjon gi meir nøgde leverandørar og samarbeidspartnarar, noko som kan gjere det enklare for verksemda å komme attende til velfungerande drift. Dette er omsyn som er viktige også uavhengig av pandemien.

Blir den mellombelse lova ført vidare, kan det ha som følge at det blir gjennomført fleire rekonstruksjonar for domstolane enn det som hadde vore tilfellet etter reglane om gjeldsforhandling i konkurslova. Det vil bli dekkja innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Endringar i rekonstruksjonslova (forlenging av tida lova skal gjelde)

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i rekonstruksjonslova (forlenging av tida lova skal gjelde).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i rekonstruksjonslova (forlenging av tida lova skal gjelde) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i rekonstruksjonslova (forlenging av tida lova skal gjelde)

I

I midlertidig lov 7. mai 2020 nr. 38 om rekonstruksjon for å avhjelpe økonomiske problemer som følge av utbrudd av covid-19 skal § 64 andre ledd første punktum lyde:
Loven oppheves 1. juli 2025.

II

Lova trer i kraft straks.

